

Førehandsvarsel om ekstraordinært årsmøte

Velledalen Vasslag SA

Publisert 14. august 2026

Styret i Velledalen Vasslag SA vil med dette informere om at det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte.

Bakgrunnen for møtet er fleire viktige saker knytte til drift, beredskap og trygg vassforsyning, samt behovet for å finansiere gjennomførte og planlagde tiltak. Det skal også gjennomførast val av eitt styremedlem, då dette vervet ikkje vart fylt ved førre årsmøte.

Før den formelle innkallinga og endelege saklista vert sendt ut, ønskjer styret å gi andelseigarane høve til å melde inn saker dei ønskjer behandla på det ekstraordinære årsmøtet.

Frist for å melde inn saker

Andelseigarar som ønskjer å få ei sak behandla på det ekstraordinære årsmøtet, må sende saka skriftleg til styret innan:

Fredag 21. august 2026 kl. 16.00

Saka bør vere så klart formulert som mogleg, slik at det går fram kva andelseigaren ønskjer at årsmøtet skal ta stilling til.

Innspel og saker sendast helst på e-post: post@velledalenvasslag.no

Det er også mogleg å ta kontakt med styret på telefon dersom ein ønskjer å avklare noko på førehand. Saker som skal behandlast på årsmøtet bør likevel sendast skriftleg, helst på e-post.

Vidare framdrift

- 14. august 2026: Førehandsvarsel om ekstraordinært årsmøte vert lagt ut.
- 21. august 2026 kl. 16.00: Frist for andelseigarane til å melde inn saker dei ønskjer behandla.
- 8. september 2026: Formell innkalling vert sendt ut med endeleg sakliste og forslag til vedtak.
- Ekstraordinært årsmøte: Vert halde tidlegast 22. september 2026. Endeleg dato, klokkeslett og møtestad vert opplyst i den formelle innkallinga.

Førebels sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og protokollunderskrivar(ar)
3. Orientering om reservevassforsyning

Styret vil orientere om arbeidet med å sikre tilfredsstillande reserve- og naudvassforsyning.

4. Orientering om tilbakeslagsventilar

Styret vil orientere om status for arbeidet med tilbakeslagsventilar. Arbeidet har teke lengre tid enn planlagt, og det har vore behov for dialog og oppfølging overfor fleire abonnentar.

5. Orientering om utført arbeid med lekkasjetetting

Det vert orientert om gjennomført arbeid med lekkasjesøk og lekkasjetetting og kva dette har hatt å seie for drifta av vassverket.

6. Orientering om oppgradering av UPS-anlegg

Styret vil orientere om planlagt oppgradering av UPS-anlegget for å tilfredsstille dagens krav.

7. Orientering om krav og oppfølging frå Mattilsynet i samband med uttak av skog i nedslagsfeltet

Det vert orientert om aktuelle krav, risikovurderingar og tiltak knytte til skogsdrift i nedslagsfeltet til vassverket.

8. Val av eitt styremedlem

Det står att å velje eitt styremedlem, då det ved førre årsmøte ikkje var kandidat til vervet. Styret har no ein kandidat som vil bli foreslått til vervet på det ekstraordinære årsmøtet. Valnemnda har ikkje vore involvert i arbeidet med denne kandidaten. Dersom andelseigarar ønskjer å foreslå andre kandidatar, kan dei ta kontakt med leiar i valnemnda, Hans Petter Sørensen, tlf. 995 36 279. Eventuelle forslag til andre kandidatar bør meldast innan 21. august 2026 kl. 16.00.

9. Innkreving av ekstra kostnadsbidrag

Styret vil leggje fram grunnlaget for behovet for eit ekstra kostnadsbidrag frå andelseigarane. Endeleg forslag til beløp og vedtak vil gå fram av den formelle innkallinga.

10. Generell orientering og spørsmål frå andelseigarane

Det vert sett av tid til spørsmål og generell orientering. Styret ønskjer at andelseigarane skal få høve til å få avklart spørsmål dei måtte ha om drifta og dei sakene som vert tekne opp på møtet.

Den endelege saklista kan bli justert etter at fristen for innmelding av saker er gått ut.

Styret ønskjer eit ope og inkluderande årsmøte og oppmodar andelseigarane til å melde inn saker eller spørsmål dei meiner bør takast opp.

Eventuelle forslag til andre kandidatar til styret kan meldast til valnemnda ved Hans Petter Sørensen, tlf. 995 36 279, innan fristen 21. august 2026 kl. 16.00.

Velledalen Vasslag SA

Styret